



STORTINGET

Representantforslag 131 S

(2025–2026)

frå stortingsrepresentantane Sylvi Listhaug, Frank Edvard Sve, Joakim Myklebost Tangen, Monica Molvær og Harry Valderhaug

Dokument 8:131 S (2025–2026)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Sylvi Listhaug, Frank Edvard Sve, Joakim Myklebost Tangen, Monica Molvær og Harry Valderhaug om redusert bompengebelastning på Nordøyvegen

Til Stortinget

Bakgrunn

Stortinget vedtok ved behandlinga av Prop. 93 S (2021–2022), jf. Innst. 283 S (2021–2022), grunnlaget for bompengefinansiering av Nordøyveg-prosjektet på fylkesveg 659 i Møre og Romsdal. Nordøyvegen er per i dag Noregs dyraste bompengeprojekt og har ein kostnad per passering på heile 177 kroner for bil under 3 500 kg, 141 kroner med rabatt, og 531 kroner for bil over 3 500 kg. Passeringstaket på 40 passeringar i månaden gjev lokalbefolkninga ei svært høg bompengebelastning. For nokre familiar er bompengekostnadene samla sett den største utgifta dei har.

Trass i at Nordøyvegen er ein fylkesveg, og at fylkeskommunen dermed sit med det overordna ansvaret, har Stortinget det overordna ansvaret for å sikre eit forvarleg bompengenivå. Forslagsstillarane merkar seg likevel at fylkeskommunen er positiv til å sjå på takstane på nytt.

Nordøyveg-prosjektet har kome dårleg ut fordi alle andre tilsvarande øysamfunn i landet rett etter opninga av prosjektet fekk gratis ferjer. Medan tilsvarande øyar fekk gratis ferjer, fekk Nordøyane Noregs dyraste bompengetakstar.

Det høyrer med til prosjektets historie at dei fastbuande på desse øyane frå 2014 og framover har forskotsbetalt bompengar til prosjektet lenge før realisering. Forslagsstillarane meiner derfor at innbyggjarane på Nordøyane har fått ei svært høg økonomisk belastning over tid, i motsetnad til andre øysamfunn i landet.

I samband med dette vegprosjektet vart det gjennomført ei folkerøysting der befolkninga og næringslivet bortimot samla godtok ein bompengesats på lik linje med ferjetakst pluss 40 prosent. Men den kraftige aukinga av bompengesatsane som seinare vart vedteken, var langt utover det befolkninga faktisk gav si tilslutning til. Det er særleg passeringstaket på 40 passeringar per månad for lokalbefolkninga som er altfor høgt, men det er òg naudsynt å finne ei løysing for næringstrafikken.

Forslagsstillarane meiner derfor det raskt må setjast i verk eit arbeid for å få bomkostnadene reduserte. Regjeringa må setje seg ned saman med vegeigar og finne løysingar som kan redusere den samla bompengebelastninga. Eit bompengetak på 20 passeringar per månad for personbil vil, i lag med ein samla reduksjon i bompengebelastning for tunge køyretøy, gjere situasjonen for lokalbefolkninga og næringslivet betydeleg betre. Nordøyveg-prosjektet har eit godt trafikkgrunnlag samanlikna med prognosane som blei sette før bygging, og ved å senke taket for passeringar for lokalbefolkninga vil dette kunne gje ein ekstra trafikkauke for sambandet.

Forslag

På denne bakgrunnen vert det fremja følgjande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa gå i forhandlingar med Møre og Romsdal fylkeskommune for å sikre reduksjon av passeringstak til 20 passeringar i månaden

for personbilar på fylkesveg 659 Nordøyvegen, og ein samla reduksjon i bompengebelastninga på fylkesveg 659 Nordøyvegen også for næringslivet.

2. Stortinget ber regjeringa seinast i samband med statsbudsjettet for 2027 leggje fram ein bompengeproposisjon med forslag til finansieringsløyising for fylkesveg 659 Nordøyvegen.

25. februar 2026

Sylvi Listhaug

Frank Edvard Sve

Joakim Myklebost Tangen

Monica Molvær

Harry Valderhaug